# Stifting/omorganisering til SA

***Stifting av foretaket***
(1) Eit samvirkeforetak kan stiftast av minst to personar og må alltid ha minst to medlemmar. Blir det færre medlemmar, skal foretaket oppløysast.

(2) Både fysiske og juridiske personar kan vere stiftarar. Umyndige kan ikkje vere stiftarar.

(3) Stiftarane daterer og skriv under eit stiftingsdokument. Når alle stiftarane har skrive under stiftingsdokumentet, er medlemskapane teikna og foretaket stifta.

***Krav til innhaldet i stiftingsdokumentet***
(1) Stiftingsdokumentet skal innehalde vedtekter for foretaket, jf. § 10.

(2) Stiftingsdokumentet skal dessutan opplyse om:

1. namn eller foretaksnamn, adresse og fødselsnummer eller organisasjonsnummer for stiftarane,
2. namn, adresse og fødselsnummer for dei som skal vere medlemmar av styret.

(3) Dersom stiftarane skal gjere innskot i samband med stiftinga, skal stiftingsdokumentet også opplyse om:

1. det beløpet som kvar stiftar skal betale,
2. summen av innskotsskyldnadene til stiftarane,
3. tidspunktet for oppgjer av innskotsskyldnadene.

Skal ein eller fleire stiftarar gjere opp innskotsskyldnaden med anna enn pengar, skal stiftingsdokumentet opplyse om kva eigedelar det gjeld, namnet og adressa til innskytaren og kva vilkår som skal gjelde.

(4) Departementet kan utarbeide standard stiftingsdokument.

***Melding av foretaket til Foretaksregisteret***
(1) Foretaket skal meldast til Foretaksregisteret innan tre månader etter at stiftingsdokumentet er underskrive.

(2) Før foretaket blir meldt til Foretaksregisteret, skal ein eventuell innskotskapital frå stiftarane vere fullt innbetalt. I meldinga til Foretaksregisteret skal det opplysast om at foretaket har mottatt eventuelle innskot. Ein statsautorisert eller registrert revisor skal stadfeste at innskotskapitalen er fullt innbetalt. Dersom innskota utelukkande er gjort med pengar, kan i staden ein finansinstitusjon gi stadfesting.

(3) Er foretaket ikkje meldt til Foretaksregisteret innan fristen, kan foretaket ikkje registrerast. I så fall fell stiftinga bort, og eventuelle krav på innskot er ikkje lenger bindande. Det same gjeld dersom registrering blir nekta på grunn av feil som ikkje kan rettast.

***Kommentar:***
For laga vil det helda med eit referat som syner kva vedtak som er gjort, og at dette er underskreve av dei som årsmøtet har valt. Om laget ikkje er registrert i foretaksregisteret tidlegare må og det orginale stiftingsdokumentet til laget sendast med. Desse dokumenta saman med vedtekter vert lagd som vedlegg til "Samordnet registermelding". Denne kan foreløpig ikkje sendast inn elektronisk ved endring av organisasjonsform. Husk å opplyse om alle personar som skal vera i styret med meir. "Samordnet registermelding" finn du på http://www.brreg.no/blanketter/samordnet.html